



Landbruk  
Laila Bjørge  
Alver kommune  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16443 - 21/8362

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
05.02.2021

## Oversender søknad om arealoverføring for vedtak etter jordlova - gbnr 443/9 Toska

Alver kommune viser til innsendt søknad om dispensasjon og løyve til arealoverføring motteken 18.01.2021

Etter vår gjennomgang av søknaden og det tiltaket som det vert søkt om, er vurderinga at det er nødvendig med vedtak/samtykke etter jordlova.

Søknaden vert med dette oversendt dykk for vedtak etter jordlova, jf. plan- og bygningslova § 21-5 og byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-2.

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 350m<sup>2</sup> frå gbnr. 343/9 til gbnr 343/96. I søknaden er oppgjeve gbnr 443/4 som avgjevar medan det rette er 443/9. Desse to eigedomane er i landbrukssamanheng sett på som ei brukseining og har same eigar.


### Planstatus

Arealet ligg i uregulert område der største delen av arealet er sett av til LNF-Spreidd bustad eksisterande i kommunedelplan for Radøy (tidlegare kommuneplan for Radøy). Om lag 65m<sup>2</sup> er sett av til reint LNF-føremål.

### Gardskart

Aktuelt areal er i hovudsak teke i bruk til bustadtomten gbnr 443/96 og er registrert som bygd areal i Gardskart. Det er her snakk om ei formalisering av allereie etablerte bruk som har pågått sidan bustadhuset på eigedomen vart bygd i 2000.

Arealet på om lag 65m<sup>2</sup>, merka raudt på den eine situasjonsplanen er i hovudsak sett av til LNF føremål og er registrert som open fastmark i AR5/ markslagskartet (Gardskart).



Frå situasjonsplan

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om arealoverføring - gbnr 443/4 og 443/96 Toska  
Revidert søknad 2021  
AcosSvarInn.xml

**Kopi til:**

Hilde Renate Toska

Toskavegen 600

5936

MANGER

**Mottakarar:**

Landbruk

Alver kommune

5906

FREKHAUG